

Merknadsrapport, Høyring av lokal forskrift for catskiing i Vang kommune

Forslag låg ut til høyring i perioda frå 21.11.2019 til 10.01.2020. Det kom inn totalt fem innspel. Innspela ligg i sin heilskap i dokumentet *Samla innspel frå høyring*. I dette dokumentet vil inspela kort bli gått gjennom og kommentert av rådmann.

Innhald

DNT Valdres	1
DNT Gjøvik og omegn	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Fylkesmannen i Innlandet	Feil! Bokmerke er ikke definert.
NVE	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Norsk Ornitologisk Forening Valdres lokallag.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.

DNT Valdres

DNT Valdres meiner at konsekvensane for frilutsliv er undervurdert. DNT Valdres forventer at det ved eit eventuelt framtidig forslag om å forlenge ordninga utover prøveperioda vil bli ei meir grundig utgreiing/høyring med større vekt på konsekvensane for frilutsliv og naturmangfald. DNT Valdres meiner at risikoen er stor for at konsekvensane blir større enn kva ein har lagt til grunn både når det gjeld sjølve catskiing-verksemda, og ved at andre kan bli frista til å nytte beltebilløypene som utgangspunkt for ulovleg motorferdsel. DNT Valdres skriv følgjande: «*Før forskriften kan vedtas, forutsettes det å være utarbeidd konkrete bestemmelser for kommunens tilsyn/kontroll.*» DNT Valdres ynskjer og at det blir gjort kjent ei adresse som publikum kan melde inn uønska forhold.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen tek innspelet om ei grundigare vurdering av konsekvensane for frilutsliv og naturmangfald ved ei eventuell overgang frå prøveordning til permanent ordning til orientering.

Tilsyn/kontroll er heimla i motorferdsellova, der står det at det er Statens naturoppsyn (SNO) som skal føre kontroll med at bestemmelsar gitt i eller i medhald av motorferdsellova blir overhalde. Politiet og SNO er kontrollstyresmakter. Kommuna og publikum sitt verkemiddel er anmelding av ulovleg bruk.

DNT Gjøvik og omegn

DNT Gjøvik og omegn stiller seg bak uttalelsen frå DNT Valdres

Rådmannen sin kommentar:

Sjå kommentar til innspelet frå DNT Valdres.

Fylkesmannen i Innlandet

Friluftsliv

Fylkesmannen meiner at mogleg verknad for friluftsiinteressene er ein av dei potensielt største utfordringane knytt til etablering av trasear for catskiing. Fylkesmannen skriv at evalueringa som skal følgje forsøket må vurdere verknadene både mot fastbuande som nyttar seg av områda og brukarar av fritidseigedomar i området/regionen.

Påverknad på natur

Fylkesmannen saknar ei vurdering av om køyringa vil føre til auka ferdsel som kan vere forstyrrende.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen tek innspelet til Fylkesmannen om at ei evaluering av verknadane mot fastbuande som nyttar seg av områda og brukarar av fritidseigedomar i området/regionen til orientering og vil legge det inn som eit punkt når forsøksordninga skal evaluerast.

Rådmannen ser at catskiing vil auke ferdselen i nye områder. Med dei avbøtande tiltaka som er føreslege, slik som talet turar per dag og at sesongen er avgrensa frå 1. desember til 15. april kvart år vurderar rådmannen at den auka ferdselen blir halde på eit moderat nivå slik det står omtala under kapitlet om naturmangfald i konsekvensutgreiinga for begge løypene. I konsekvensutgreiinga er det sett på artar i området og ikkje berre i tilknytning til sjølve løypetrasen nettopp med tanke på auka ferdsel i området. Det vart halde møte med Thor Østbye, naturfotograf og naturkjennar, som informerte om at det av artane i området i hovudsak er fjell- og lirypa som vil bli påverka.

Rådmannen meiner difor at dette er tilstrekkeleg utgreia.

NVE

NVE tilrår at ein nyttar dei faglege prinsippa knytta til skredfarevurdering som NVE har skreve med tanke på scooterløyper. NVE viser og til sine AutoKAST kart for snøskredterreng som er tenkt nytta til friluftsførmål.

Rådmannen sin kommentar:

Beltebilløypa på Tyin/Filefjell og i Raudalen er etter NVE sitt innspel undersøkt i kartløysinga AutoKast. Ingen av løypene går i områder markert i AutoKAST med bratt terreng over 27 grader, dei ligg heller ikkje i sone med korte eller middels utlaup. I rettleiing til Autokast blir ein gjort merksam på at løysinga ikkje syner lange utlaup. 1 av 4 skred kan gå lengre enn det som er merka som middels utlaup. Det står mellom anna følgjande «For at et skred skal nå så langt som dette må det vanligvis være snakk om store eller svært store skred, og ofte i samanheng med vedvarende svake lag. Skredene kan også følgje skredløp som gir en lang skredbane.» Beltebilløypa til Finndalshorn går

nært inntil ei mindre sone for «middels utløp». I dette området er beltebilløypa lagt til motsatt side av dalbotnen. Beltebilløypa ligg om lag 30 meter frå sone markert som middels utlaup. For å hindre at beltebilløypa blir lagt for nært utlaupssone foreslår rådmann at ein skrenker inn høve til å legge om løypetrase. Rådmann endrar forslag til forskrift slik at ei omlegging inntil 20 m berre kan skje etter at trase er kontrollert mot NVE si kartløyising AutoKAST og aktsemdsområder for skred, sjå §3-5. Opprinneleg forslag var at ein kunne legge om trase 20 m utan kontroll mot NVE sine kartløyisingar.

Norsk Ornitologisk Foreining Valdres lokallag

Norsk Ornitologisk Foreining Valdres lokallag peiker på at det er særleg artane lirype og fjellrype som kan bli skadelidande, desse to artane er i Norsk røddliste 2015 sett i kategorien nær trua. Norsk Ornitologisk Foreining Valdres lokallag oppmodar kommunen til å legge større vekt på føre-var-prinsippet og tilrår at perioda for catskiing blir avgrensa til 15. april.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen tek innspelet til Norsk Ornitologisk Foreining Valdres til etterretning. 15. april samsvarar med datoen Thor Østbye føreslo for kommunen før samtale med seniorforskar Hans Christian Pedersen i NINA. Bakgrunnen for at kommunen endra datoen til 20. april var at Pedersen hadde utført registreringar på Dovre der ein såg at rypa er robust mot forstyrringar om våren. Det er som peikt på generelt lite forskning rundt temaet og det kan vere naturleg å støtte seg på føre var prinsippet då fjell- og lirype er raudlisteartar. Rådmannen følgjer rådet til Norsk Ornitologisk Foreining Valdres lokallag og endrar forslag til forskrift slik at lovleg sesong er fram til og med 15. april.